

MØTEINNKALLING

Utval: Komite for helse og omsorg
Møtestad: Herøy helsesenter, møterom 1 og 2
Dato: 01.12.2016
Tid: 14:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Oppmøte i administrasjonen pleie- og omsorgsavdelinga.

Fosnavåg, 24.11.2016

Bjørn Otterlei
Leiar

SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 44/16	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 45/16	Protokoll frå førre møte
PS 46/16	Forebyggjande arbeid barn og unge 2016-2020
PS 47/16	Sak om fullkostpris i heildøgnsbemanna omsorgsbustadar
PS 48/16	Kommunal ordning for husmorvikar

Det er synfaring på Herøy omsorgssenter avd Blå samt eldretuna. (det som sto igjen etter siste befarig.) – oppmøte på adm. PO kl. 14.00.

PS 44/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 45/16 Protokoll frå førre møte



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2015/1161
		Arkiv:	F40

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
46/16	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
	Komite for oppvekst	14.12.2016

FOREBYGGANDE ARBEID BARN OG UNGE 2016-2020

Tilråding:

Saka vert teke til vitande

Særutskrift:
Skuleleiar
Barnehageleiar
Kulturleiar
Barn- familie og helseleiar

Vedlegg: Handlingsplan forebyggande arbeid barn og unge 2016-2020

Saksopplysningar:

Det forebyggande arbeidet for barn og unge har vore informert om ved ulike høve. Det var og sak for komiteane (sak 19/15 i Helse og omsorgskomiteen og sak 10/15 i oppvekstkomiteen. I den saka vart det gått gjennom historikken for det forebyggande arbeidet for barn og unge i Herøy kommune samt skissert korleis vi nå ville organisere arbeidet framover.

En «ny» handlingsplan ligg no føre. Den er kome til ved eit godt arbeid i dei to gruppene, strategisk styringsgruppe og ikkje minst i faggruppa. Faggruppa har arbeid svært godt med tiltaksplanen som tek for seg konkrete tiltak for barn og unge i Herøy kommune. Tiltaka er delt i 3 hovuddimensjonar, byggande tiltak (gjeld alle barn), førebyggande tiltak (barn og unge som står i fare for å få ei negativ utvikling) og spesielle tiltak (barn og unge med eit klart hjelpebehov).

Dei ulike tiltaka er ikkje vesentleg endra etter det som har vore praksis over tid slik at vi har god erfaring med omsyn til dei. Det som nå er meir tydeleg i denne planen er det tverrfaglege samarbeidet ved dei ulike tiltaka.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen vil fylje opp saka i samsvar med den vedlagte handlingsplanen.

Fosnavåg, 18.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen



HERØY
KOMMUNE



Sunnmørs-
kart

forebyggande arbeid barn og unge 2016-2020

ei båt lengd børe

Adr.: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf.: 70 08 13 00 Fax: 70 08 13 01 Bank: 6566.05.01376 - 3909.07.50007 Org.nr.: 9649788
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

1. KORT HISTORIKK

Herøy kommune har i mange år arbeidd planmessig med forebyggande arbeid for barn og unge. Den første handlingsplanen på området vart vedteke, av kommunestyret i 2001. Etter ei evaluering av arbeidet i 2008 vert det enda meir tverrfagleg og innretta mot det einskilde barn/unge. Avdelingane vart og meir kjent med kvarandra sine tiltak ved at det vart utforma ein felles plan for det forebyggande arbeidet med felles mål og strategiar/taktikkar. Denne planen har vore revidert kvart år og det er foretatt små endringar og presiseringar. Det er i 2014-15 eit behov for å gå gjennom organiseringa av arbeidet igjen. Dette førte til oppretting av ei strategisk styringsgruppe og ei faggruppe.

2. ORGANISERING FRÅ HAUST 2015

Felles

Møtefrekvens: Begge gruppene skal ha minst 2 møte per år, oftare ved behov og i særlege arbeidsprosessar. Gruppene skal vidare ha minst eitt felles møte per år, for avklaringar og prioriteringar. Dei felles møta kan leggst i for- eller etterkant av dei spesifikke gruppemøta.

På første møte skal kvar av gruppene velje ein leiar.

Strategigruppa skal starte med å evaluere og revidere dei strategiske satsingane og måla i Handlingsplan for førebyggande arbeid 2012-2015.

Faggruppa startar med å evaluere tiltaka for sine avdelingar, samt drøfte kvalitet og område for forbetring i dei tverrfaglege teama i barnehagar og skular

Strategisk styringsgruppe:

- Leiar barnehage, Laila Solhaug
- Leiar skule, Sølvi Lillebø Remøy
- Leiar NAV, Berit Lyngstad (til 2016)
- Leiar barn, familie og helseavdeling Inger Marie Tofthagen
- Leiar kulturavdeling, Eileen Gjerde

Mandat – strategisk styringsgruppe:

Denne gruppa skal danne basis for strategisk arbeid, og kan innhente kompetanse frå andre fagområde frå sak til sak.

- Stake ut den overordna strategien for det førebyggande arbeidet for barn og unge
- Setje konkrete mål for arbeidet
- Innhente tilstrekkeleg informasjon om oppvekstmiljø og utfordringar, for å kunne legge klare mål og strategiar framover

- Legge forslag til mål og strategiar fram for faggruppa (sjå under), for involvering og forankring - og for at desse igjen kan utarbeide handlingsplanar.

Faggruppe:

- Barnevernsleiar, Lilly Åse Skogen til sommar 2016, deretter barnevernsleiar Evy Løfall
- Leiar PPT, Olga Eggesbø tilsomar 2016 deretter Leiar PPT Daria Thea Dahl
- Leiar førebyggjande seksjon, Elisabeth Strand Slettestøl
- Rektor ved Bergsøy skule, Marit Lillestøl
- Styrar ved Myrsnipa barnehage, Reidun Myrvågnes
- Konsulent kulturavdelinga Mona Grethe Ryssevik
- leiar seksjon Bustadsosial, flyktning og rus May Gunn Ertesvåg, frå 2016

Mandat Faggruppa

Vere med på drøfting av mål og strategiar,
Utarbeide handlingsplanar med konkrete tiltak, på bakgrunn av vedtekne mål og strategiar
Sikre kvaliteten på dei tverrfaglege tenestene, ved jamn oppfølging og kompetanseutvikling.

Valgfri deltaking i faggruppa

- Kommuneoverlege, Trond Vegard Vatne frå haust 2016 kommuneoverlege Torill Myklebust
- Kommunepsykolog, Ivar Ørstavik

Samarbeidspartar

- politi
- tannklinikken
- evt

3. VISJON

Alle barn og unge skal ha gode og trygge oppvekstvilkår

4. OVERORDNA MÅLSETJINGAR

- 1) Alle barn og unge skal i møte med familie, barnehage, skule og fritid utvikle god sosial og etisk kompetanse, positiv personleg utvikling og ei demokratisk forståing og deltaking.
- 2) Alle barn og unge som oppheld seg i kommunen skal få lik tilgang til alle forebyggande tenester tilpassa den einstilte sitt behov
- 3) Alle barn og unge som viser teikn til sjukdom eller adferdsending skal få tilbod om målretta tiltak og oppfølging.
- 4) Alle barn og unge som lever under forhold som kan gi skade, skal ha målretta og forsvarlege forebyggande og behandlande tiltak for å kunne ha så god helse og oppvekstvilkår som råd.
- 5) Medarbeidarane skal ha kunnskap om risiko og sårbarheitsfaktorar for barn og unge og tilgjengelege tverrfaglege tenester slik at nødvendige tiltak kan settast inn.
- 6) Medarbeidarane skal ha kunnskap om oppvekstvilkåra i kommunen, så som psykisk og fysisk helse, fysisk aktivitet, spel- og rusutfordringar.
- 7) Synleggjere status og utfordringar i oppvekstmiljø samt metodar og tiltak relatert til førebyggande arbeid for politikarar og andre

5. TAKTIKKAR FOR MÅLOPPNÅING

1) Organisasjon og samhandling.

Alt personell i kommunen, som arbeider med barn og unge, skal ha felles kunnskapsgrunnlag om barn.

Gode planar og prosedyrer for samhandling skal utviklas vidare.

Organiseringa i kommuna skal understøtte at barn og unge sine behov står i sentrum.

2) Kunnskap og kompetanse

Kompetanse i nettverksbygging og oppfølging vidareutviklast. Dette skal mellom anna skje ved felles samlingar og møteplassar for ulike fagprofesjonar kor det er rom for praktisk refleksjon. Kunnskapen skal samla sett vere robust og med respekt for dei ulike faggruppernes fagkunnskap. Kommunen sine politiske utval og deira kunnskap vil bli trekt inn i arbeidet.

3) Openheit og lavterske

Det må utviklast fagleg samansette og kompetente lavterskeltilbod som har tillit i lokalmiljøet generelt, og hos dei unge spesielt. Tilboda bør i all hovudsak vere gratis. Det må vere open og målretta informasjon om tilboda og korleis ein kan nytte dei.

4) Tverrfaglege team

Dei tverrfaglege teama vidareutviklast for å nå dei overordna måla.

6. TILTAKSPLAN FOR BARN OG UNGE I HERØY KOMMUNE

Kommunen sitt møte med og samhandling med barn og foreldre skjer på mange faglege arenaer og via personale med ulik type fagkompetanse. Kvaliteten på kommunen sin heilheitlege tidlege innsats, avheng m.a. av at vi maktar å dra nytte av den samla kompetansen som finst i kommunen. Gjennom målretta tidleg innsats prega av samanhengar over tid, så byggjer vi stein på stein og sikrar kontinuitet på tilbodet. Tidleg innsats som omgrep/ tanke skal vere eit felleseige som gir meining og sit i ryggmargen hjå alle kommunalt tilsette som har med barn og unge å gjere. Alle fagpersonar skal ha kjennskap til kommunen sitt verdigrunnlag, og bruke dette aktiv i det daglege arbeid.

Tidleg innsats har 3 hovuddimensjonar:

Byggande tiltak:

som betyr noko for og gjeld alle barn og unge i kommunen.


Førebyggjande tiltak:

er spesielt retta inn mot barn og unge som står i fare for å få ei negativ utvikling.

Spesielle tiltak:

for barn og unge med eit klart hjelpebehov.

4.1 Byggande tiltak so



Aldersgruppe 0-6 år

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørende	Alle	Alltid
Svangerskapsomsorg og foreldreførebuande kurs	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen Jordmor	Kontinuerleg
EPDS Depresjonskartlegging av alle barselkvinner	God helse	Helsestasjonen	6 veker etter fødsel
Helsestasjonsprogram 0-5 år, inkludert foreldrerettleiingsprogrammet «Sammen foreldre og barn»	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen	Følgje nasjonale retningslinjer
Nasjonalt vaksinasjonsprogram	Smittevern	Helsestasjonen	Følgje nasjonale retningslinjer
Småbarnsgrupper for foreldre med barn på 4 mnd og 8 mnd	God helse Nettverksbygging	Helsestasjonen Fysioterapeut Tannpleiar	Kontinuerleg
« 4 år – trygg og klar» Samarbeid mellom helsestasjon, barnehage og foreldre	Trygge og kompetente barn og foreldre	Barnehagen	2 mnd før barnet fyller 4 år
Gode barnehagar	Systematisk satsing på kompetanse og kvalitet	Eigar Barnehageleiar Styrrar	Dagleg
Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg
Lære om eigen kropp, grenser og sjølvregulering	Trygge og kompetente barn og vaksne	Helsestasjon Barnehagen	Kontinuerleg
Sterkt fokus på sosial- og språkkompetanse	Trygge og kompetente barn	Styrrar Pedagogisk leiar PPT	Dagleg
DUB «barn i utfordring»	Trygge og kompetente tilsette i møte med barnet	PPT Barnehage Skule	Kontinuerleg
Fokus på vaksenrolla i barnehagane for å fremje godt samspel mellom barn og vaksne	Trygge og kompetente foreldre Systematisk	Barnehage	Kontinuerleg

Verktøy: Programmet «Være sammen»	satsing på kompetanse		
Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU og foreldreråd	Helsestasjon Barnehage	Kontinuerleg
Førebygge barnefattigdom	Redusert foreldrebetaling i barnehage Opplevingskort	Helsestasjon Styrrar Barnevern Nav Kulturavdelinga	Kontinuerleg
Tverrfagleg team i alle barnehagane	Tidleg oppdaging og handling	Barnehage Helsestasjon Barnevern PPT	Ein gong i halvåret
Overgang barnehage – skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Barnehage Skule	Følgje planen
«Oppfangingsgruppe» Tidleg oppdaging, tverrfagleg (før fødsel)	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon Jordmor Barnevern PPT Fastlege	Ønska tiltak
Felles kursdag for alle tilsette som jobbar med barn og unge i kommunen	Trygge og kompetente tilsette med eit tverrfagleg fokus	Strategigruppa	Årleg
Tverrfagleg samarbeidsmøter på leiarnivå	Felles forståing og kompetanse	Helsestasjon, leiar PPT, leiar Barnevern, leiar	Ein gong i månaden
Tverrfagleg samarbeid mellom barnehage, PPT og barnevern på styrmøta i barnehageavdelinga	Tidleg innsats Bygge nettverk	Barnehageleiar	Kvartalsvis
Organiserte fritidsaktivitetar	Deltaking og opplæring på sosiale arenaer	Kulturavdelinga Idrettslag Kulturskulen Sunnmørshadet	Kontinuerleg
Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Barnehage Skule	Kontinuerleg
Foreldrerettleiing i	Trygge og	Flyktingtenesta	Ønska tiltak

introduksjonsprogrammet	kompetente foreldre		
Oppnemning av barna sin representant for å vurdere barnefaglege omsyn og konsekvensar for barn og unge i alle kommunale planprosessar	Barn og unge sin medverknad Trygge og gode oppvekstvilkår	Herøy kommunestyre Barnerepresentanten Camilla Storøy	Kontinuerleg
«Mission Possible»	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg

Aldersgruppe 6-12

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørande	Alle	Alltid
Overgang barnehage – skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule Barnehage	Følgje planen
Nasjonalt vaksinasjonsprogram	Smittevern	Skulehelsetenesta	Følgje nasjonale retningslinjer
Gode skular	God og utviklande læring Systematisk satsing på kompetanse til dei tilsette	Skuleleiar Rektor Kontaktlærer Alle tilsette PPT	Dagleg
Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg
Lære om eigen kropp og grenser for å førebygge vald og overgrep	Trygge og kompetente barn og vaksne	Rektor Kontaktlærer Helsesøster	Kontinuerleg
Læringsmiljø med fokus på gode psykososiale tilhøve	Trygge og kompetente barn og nulltoleranse mot mobbing	Rektor Kontaktlærer Alle tilsette Helsesøster PPT	Dagleg
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg
Gode verktøy for	Trygge og	Rektor	Kontinuerleg

handlingsskapande og psykisk helse: «Steg for steg» «Psykologisk førstehjelp»	kompetente barn	Kontaktlærer PPT	
Følgje opp ved fråvær over 12 %	God livskvalitet	Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU, skulemiljøutval, FAU og KFU	Skulen	Kontinuerleg
Tverrfagleg team i alle skulane	Tidleg oppdaging og handling	Skule Skulehelsetenesta Barnevern PPT	Ein gong i halvåret
Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Skuleleiar Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Nettvett	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor Skulehelsetenesta FAU	Kontinuerleg
Skulehelseteneste	Smittevern Trygge og kompetente barn	Helsesøster	Kontinuerleg
Organiserte fritidsaktivitetar	Deltaking og opplæring på sosiale arenaer	Kulturavdelinga Idrettslag Kulturskulen Sunnmørsbadet	Kontinuerleg
Juniorklubb for alle mellom 10-13 år	Gratis deltaking på sosial arena. Sosial utjamning.	Kulturavdelinga	Annankvar tysdag i skuleåret
SFO	Trygge og kompetente tilsette	Rektor Tilsette på SFO	Kontinuerleg
«Mission Possible»	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg
Foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet	Trygge og kompetente foreldre	Flyktingtenesta	Ønska tiltak

Aldersgruppe 12-23

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
--------	----------	--------	---------

Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingsplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørende	Alle	Alltid
Overgang barneskule/ungdoms-skule	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor	Følgje vedteken plan
Gode skular	God og utviklande læring Systematisk satsing på kompetanse til dei tilsette	Skuleleiar Rektor Kontaktlærer Alle tilsette PPT	Dagleg
Leiaropplæring	Trygge og kompetente leiarar	Rådmann	Kontinuerleg
Læringsmiljø med fokus på gode psykososiale tilhøve	Trygge og kompetente barn/ungdom og nulltoleranse mot mobbing	Rektor Kontaktlærer Alle tilsette Helsesøster PPT	Dagleg
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg
Følgje opp ved frávær over 12 %	God livskvalitet	Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Programmet: «Sterk og klar» for unge mellom 13-16 år	Utsette debutalder Trygge og kompetente foreldre	Rektor FAU Alle foreldre	Kontinuerleg
Auke elevane sin kunnskap om grensesetting, seksuelle overgrep og vald	Satsing på tverrfagleg kompetanse	Strategigruppe Rektor Skulehelsetenesta Ressursteamet	Kontinuerleg
Foreldresamarbeid	Trygge og kompetente foreldre. Levande SU, skulemiljøutval, FAU og KFU	Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Tverrfagleg team i alle skulane	Tidleg oppdaging og handling	Skule Skulehelsetenesta Barnevern	Ein gong i halvåret

		PPT	
Integrering	Systematisk kultur- og norskopplæring	Skuleleiar Rektor Kontaktlærer	Kontinuerleg
Nettvett	Trygge og kompetente barn og foreldre	Rektor Skulehelsetenesta FAU	Kontinuerleg
Skulehelseteneste	Smittevern Trygge og kompetente barn	Skulehelsetenesta	Kontinuerleg
MOT 12-23 år	Robuste ungdommar som tek egne val	MOT-informatør og MOT- koordinator Skule	Kontinuerleg
Ung Data	Få innsikt i korleis ungdommen har det, og sette inn naudsynte tiltak	Rådmann Strategigruppa	2018 2022 2026
Ungdomsråd	Sikre at ungdom blir høyrte og får opplæring i samfunnsdeltaking	Politisk Rådmann	Kontinuerleg
Helsestasjon for ungdom	Trygge og kompetente barn og unge	Skulehelsetenesta	Faste opningstider kvar veke
Ressursteam på ungdomsskule og vidaregåande skule	Trygge kompetente barn og unge	Helsesøster Miljøterapeuter Rektor PPT	Kontinuerleg
Rusførebyggjande tiltak	God livskvalitet	Skulehelsetenesta MOT-koordinator Rektor FAU Ungdomsrådet Natteramnar Politiet	Kontinuerleg
Mission Possible	Tverrfagleg kompetanseheving	Kontaktperson for MP Strategigruppe	Kontinuerleg
Fritidsklubben med nulltoleranse for rus	Sosial utjamning og integrering. Rusførebyggjande, med uformelle	Kulturavdelinga ved ungdomsseksjonen	Kvar fredag i skuleåret

	besøk av politiet		
Fram Flexx Natt	Kome trygt heim for ungdom opp til 25 år	Møre og Romsdal fylke Ungdomsrådet	Kontinuerleg
Foreldrerettleiing i introduksjonsprogrammet	Trygge og kompetente foreldre	Flyktingtenesta	Ønska tiltak

4.2 Førebyggande tiltak Aldersgruppe 0-6 år

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørnde	Alle	Alltid
Tverrfagleg team	Trygge og kompetente foreldre og tilsette	Barnehage Skule	Ved behov utover dei faste møta
Foreldrerettleiing, ICDP, PMTO-rådgjeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon Barnehage PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
Ekstra timar ved helsestasjonen	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjon	Ved behov
Integrering	Barnehageplass eller SFO-plass	Nav Flyktingteneste Barnevern Barnehage Skule	Kontinuerleg
DUB «barn i utfordring»	Trygge og kompetente tilsette i møte med barnet	PPT Barnehage Skule	Kontinuerleg
Oftare kontaktpunkt mellom barnehage, skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Barnehage og skule	Ved behov
Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg

Mottaksteam for fosterbarn, flyktingar og «vandrarar»	Trygge og kompetente barn og foreldre Heilskapleg ivaretaking av barn	Barnevern Flyktingtenesta Barnehage Skule Helsestasjon	Haut 2016 Ønska tiltak?
Opprette faste ICDP-grupper	Trygge og kompetente foreldre	Helsestasjonen Barneverntenesta PPT	Ønska tiltak

Aldersgruppe 6-12 år

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Kompetanse om teieplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varsling Ivareta barn som pårørnde	Alle	Alltid
Tverrfagleg team	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule	Ved behov utover dei faste møta
Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg
Oftare kontaktpunkt mellom skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Skule	Ved behov
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg
Foreldrerettleiing, PMTO-rådgjeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
Støttekontakt	Auka livskvalitet	BFH, utan diagnose BuHab, ved diagnose	Ved behov
Kommunepsykolog	Rettleiing til elevar, foreldre og tilsette	Rektor Skulehelsetenesta	Ved behov

Aldergruppe 12-23 år

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
Teieplikt, opplysningsplikt og avvergingssplikt	Sikre varsling Ivareta barn som	Alle	Alltid


	pårørende		
Tverrfagleg team	Trygge og kompetente barn og foreldre	Skule	Ved behov utover dei faste møta
Kompetanseheving på barn i risiko; traumer, og liknande.	Trygge og kompetente tilsette	Strategigruppa	Kontinuerleg
Oftare kontaktpunkt mellom skule og heim	Trygge og kompetente foreldre	Skule	Ved behov
Beredskapsteam mot mobbing	Førebygge, avdekke og stoppe mobbing	Skuleavdelinga PPT	Kontinuerleg
Foreldrerettleiing, PMTO-rådgjeving, miljøterapeuter	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta PPT Barnevern Kommunepsykolog	Ved behov
Støtte unge foreldre	Trygge og kompetente foreldre	Skulehelsetenesta	Ved behov
Støttekontakt	Auka livskvalitet	BFH, utan diagnose BuHab, ved diagnose	Ved behov
Kommunepsykolog	Rettleiing til elevar, foreldre og tilsette	Rektor Skulehelsetenesta	Ved behov
Psykiatritenesta for ungdomar over 18 år, på individ- og gruppenivå	God helse	Teneste for psykisk helse Helsestasjon for ungdom	Ved behov
«Brukarplan» Kartlegge personar med utfordring knytt til rus og psykisk helse frå 16 år og oppover	Gode og tilpassa teneste	Skulehelsetenesta Nav Fastlege Pleie og omsorg Teneste for psykisk helse Bustadsosial teneste Barneverntenesta	2016 2018
OT	Oppfølging	OT-kontakt i vidaregåande skule	Ved behov

		OT-kontakta i Nav	
--	--	-------------------	--

4.3 Spesielle tiltak Aldersgruppe 0-23 år

Tiltak	Strategi	Ansvar	Tidsrom
PMTO-terapi	Åtferdsendring ved terapi	PPT Barnevern Helsestasjon	Ved behov
IP	Hjelp og støtte til barn og familie med særskilte og samansette behov	Koordinerende eining BFH Fastlege PPT Nav Pleie- og omsorgsavdelinga BuHab Barnehage Skule	Ved behov
Støttekontakt	Auka livskvalitet	BFH, utan diagnose BuHab, ved diagnose	Ved behov
Vidareutvikling av handlingsstrategiar i mobbesaker, både på individ og systemnivå. Tiltak retta mot både mobbar og mobbeoffer.	Systematisk satsing på kompetanse	Rektor PPT BFH	Kontinuerleg
Opprette ansvarsgruppe	Samordne tenester rundt barnet og familien	Helsestasjon Fastlege Barnehage Skule PPT Barnevern Andre ved behov	Ved behov
Kommunepsykolog	Rettleiing Tidsavgrensa	Tenesta for psykisk helse	Ved behov

	behandling av barn frå 6 år og oppover		
Psykiatritenesta for unge/vaksne over 18 år, på individ- og gruppenivå	Individuelt tilpassa oppfølging	Tenesta for psykisk helse	Ved behov
Tilbod om oppfølging frå miljøterapeuter til vanskelegstilte ungdomar	Auka livskvalitet	BFH	Ved behov
Kriseteam	Akutt hjelp	Leiar Kriseteamet	Ved akutt behov



Pleie- og omsorgsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	RRK	Arkivsaknr:	2016/1621
		Arkiv:	

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
47/16	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
	Eldrerådet	12.12.2016
21/16	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	28.11.2016
265/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

SAK OM FULLKOSTPRIS I HEILDØGNSBEMANNA OMSORGSBUSTADAR

Tilråding:

Herøy kommunestyre vedtek slike prisar ved «Eggesbøtun»:

Pris for fullkostpakke vert sett til kroner 4900,-
Stykkpris for middag vert sett til kroner 100,-
Stykkpris for frukost vert sett til kroner 50,-
Stykkpris for kveldsmat vert sett til kroner 50,-

Særutskrift:

- Pleie- og omsorg
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

Saksopplysningar:

Ved den nye heildøgnsbemanna omsorgsbustaden for eldre, med ønska namn «Eggesbøtun», vil bebuarane få tilbod om å kjøpe «matpakke fullkost».

Dette inkluderer frukost, frukt og saft føremiddag, middag, kaffe og kaker ettermiddag, samt kveldsmat. Nokre av måltida kjem frå kjøkkenet på Herøy omsorgssenter medan brødmaten vert laga til ved omsorgsbustaden. Dette er ei ny teneste i Herøy kommune, medan nabokommunane har hatt ei slik teneste om levering av fullkost til sine heildøgnsbemanna omsorgsbustadar.

Herøy kommune har gjort ei vurdering av pris utifrå ei tilråding som sjustjernesamarbeidet innan helse og omsorg har kome med. Prisane er basert på pristakst i fem andre kommunar, med ein forventa auke i pris i kvar kommune i 2017. Hareid har til no hatt 4800, og Sande 4895. Ulstein har vore noko lavare med 3950,- og Volda/Ørsta har operert med døgnprisar på 150,- og 140,- (4500,-/4200,- per mnd). Forslaget frå sjustjerna helse og omsorg, er at prisen vert 4900,- i alle kommunane. Bakgrunn for dette er felles prosjekt om innføring av elektronisk fakturering i alle kommunane. Ei gevinstrealisering for eit slikt samarbeid, legg til grunn mest mogleg harmonisering av prisar for å unngå ekstra manuelt korrigeringsarbeid samt å gi likare tenester på tvers av kommunegrensene.

Forslaget til sjustjerna er at bebuarane i heildøgnsbustadar i Ulstein, Hareid, Sande, Volda og Ørsta kan velje om dei vil kjøpe:

Fullkost 4900,-
Middag 100,- (3000 pr. mnd)
Frukost 50,-
Kveldsmat 50,-

Summane er utifrå tilråding i Sjustjerna i forhold til harmonisering av priser for elektronisk fakturering.

Vurdering og konklusjon:

Fullkost er ei ny teneste i Herøy kommune, men er vanleg i fleire av våre nabokommunar. Fullkostprisen er rimeligare enn om ein skal velje frukost, middag og kveldsmat kvar for seg, og er også inkludert kaffimat. Det vil vere mogleg å velje stykkpris for enkelte måltid, om ein ikkje ønskjer fullkost.

Rådmannen rår til at Herøy kommune vel same pris som nabokommunane, for å gi likare teneste på tvers av kommunegrensene og samstundes få best mogleg effekt av elektronisk fakturering. Manuelle endringar aukar sjansen for faktureringsfeil.

Konsekvensar for folkehelse:

Tilbodet om fullkost, vil vere positivt for dei som treng eit slikt tilbod.

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:


Fullkostpakke er ei ny teneste i Herøy kommune.

Fosnavåg, 21.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Renathe Rossi-Kaldhol
Avd.leiar

Sakshandsamar: Renathe Rossi-Kaldhol



Avdeling for Barn, Familie og Helse/Avdeling Pleie og Omsorg

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2016/1602
		Arkiv:	

Utvallsaksnr	Utval	Møtedato
48/16	Komite for helse og omsorg	01.12.2016
266/16	Formannskapet	29.11.2016
	Kommunestyret	15.12.2016

KOMMUNAL ORDNING FOR HUSMORVIKAR

Tilråding:

Rådmannen viser til vurdering av ei kommunal ordning med «husmorvikar».
Tiltaket må vurderast i samband med dei innmeldte og prioriterte tiltaka i
budsjettarbeidet for 2017 og i budsjett og økonomiplan 2017-2020.

Særutskrift: Pleie og omsorgsavdelinga
Barn- familie- og helseavdelinga

Vedlegg: Ingen

Saksopplysningar:

Helse- og omsorgskomiteen ba i møte den 10.11.2016 administrasjonen om å legge fram ei sak med vurdering av ei kommunal ordning med «husmorvikar» snarast råd og før budsjettarbeidet for 2017 er slutthandsama politisk.

Husmorvikar er noko ikkje alle i dag er kjent med slik at det kan vere naudsynt å definere omgrepet. Iflg. Wikipedia er det:

*«En **Husmorvikar** var et yrke etablert for å avlaste småbarnsfamilier i de tilfellene der kona/husmora på grunn av fødsel, sjukdom eller av andre årsaker ikke lenger kunne utføre de daglige gjøremål. Arbeidet var særlig knyttet til stell og omsorg for barn, matlaging og rengjøring. Ordningen med kommunalt ansatte husmorvikarer ble igangsatt like etter andre verdenskrig.»*

«Fram til ca. 1970 var husmorvikarordningen en viktig del av kommunenes sosialtilbud. Særlig fra 1970-tallet ble vikarenes arbeidsområde utvidet til også å gjelde eldre mennesker og familier med sosiale problemer. Selv om ordningen nå er kraftig redusert, tilbyr fremdeles mange kommuner, omsorgsbistand rettet mot småbarnsfamilier.» Bergen kommune har til dømes ei slik ordning, omtala som familievikar.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen ser at det i enkelte høve kan vere eit behov for hjelp i heimen utover det kommunen yt i dag til småbarnsfamilier eller til familier med store omsorgsbehov. Det er likevel ikkje antatt at behovet er stort når det gjeld dei tenestene som er rita opp ovafor. Etter ei forsiktig vurdering vil ein anslå ei 25% stilling på årsbasis.

Kommunal teneste i form av «husmorvikar» eller familievikar kan i praksis opprettast innafor helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 pkt. 6, då med ei utvida forståing av plikta for praktisk bistand. Det må ved oppretting av ei slik teneste gjerast ei nærare vurdering av kva hendingar som skal utløyse eit vedtak om husmorvikar, og kor lenge vikaren som hovudregel skal vere inne i heimen. Dei kommunalt vedtekne serviceerklæringane innan praktisk bistand må i tilfelle revurderast og endrast med omsyn til utviding av ordninga.

Dersom ein familie er utsett for store påkjenningar over tid og eventuelt er i ein krisesituasjon, er det viktig at husmorvikaren ikkje vert sendt i staden for spesialutdanna fagfolk som kan handtere slike situasjonar.

Rådmannen viser til budsjettarbeidet for 2017 og dei behova avdelingane innan helse og omsorg har meldt inn. Det er behov for ei stor auke i ressursar for å løyse dei allereie lovpålagte oppgåvene innan pleie- og omsorg, utan av rådmannen har funne rom for å prioritere desse.

Presset på avdelingane for å handtere situasjonen er høg. Eit utvida kommunal tiltak, vil gjer ytterligare press på tenesteleveransen. I val mellom lovpålagt plikt og ei utvida kommunal ordning, vil kommunen fyrst måtte løyse det lovpålagte.

Konsekvensar for folkehelse: Tiltaket vil vere svært positivt, for dei som treng slik hjelp.

Konsekvensar for drift: Det er vanskeleg å seie omfanget av ei slik teneste. Presset på heimetenesta er høg. Ei utvida kommunal ordning vil auke presset.

Rådmannen har ikkje funne rom til å prioritere dei innmeldte lovpålagde oppgåvene i budsjettet for 2017.

Fosnavåg, 17.11.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Inger Marie Tofthagen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen/Renathe Rossi-Kaldhol